

REFERAT FRÅ SOKNEMØTE / ÅRSMØTE I KVITESEID SOKN 09.06.2025

Soknemøtet var 2.pinsedag etter gudstenesta i Vrådal kyrkje. 23 personar var til stades.

Saker:

1. Konstituering:

- a. Val av ordstyrar: Leiar i soknerådet Marit Sørby.
- b. Val av referent: Sigrun G. Moen.
- c. Underskrift av protokoll: Olav Holm og Marit Gotuholt.

2. Årsmelding for 2024:

Marit gjekk gjennom delar av årsmeldinga: Målsetting for soknerådet, tilsette, gudstenestene i soknet, arbeid/aktivitetar som blir utført av medlemmene i ulike grupper, utval og komitéar. Av dette vart nemnt m.a. babysong, barnegospel, trusopplæring, tweensklubb, speidargruppe, Vest-Telemark Soul Children, fredagsklubb, idrettsgruppe på Kvitsund og diakonalt arbeid.

Olav Holm oppsummerte kva som hadde vore av ulike kulturarrangement (t.d. konserter), spesielle messer og felleskyrkjelege arrangement. Han orienterte også om sine oppgåver som organist. I 2024 fekk han ein del ekstra oppgåver i samband med trusopplæring fordi trusopplæraren slutta midt i året.

3. Årsrekneskapen 2024 /kyrkjeverja

Kristen Salmelid gjekk gjennom den økonomiske situasjonen. Rekneskapen viser eit overskot på kr. 226.097,-. Han orienterte også om ulike prosjekt og vedlikehaldsarbeid, spesielt minnelund ved Kviteseid kyrkje og ny ytterdør og nytt teppe på golvet i Vrådal kyrkje.

4. Samtale om arbeidet.

Spørsmål frå salen:

- Kva med samarbeidet Kyrkja /Misjonshuset?
Ikkje ynskjeleg å ha familiegudsteneste i kyrkja og møte på Misjonshuset same dag og same klokkeslett. Kristen svara på dette. Han opplyste om at møtelistene på Misjonshuset for hausten 2025 er klare – ingen av møtesøndagane kolliderer med familiegudstenestene i kyrkja. Det vart kommentert i denne samanheng at det er viktig med tverrkirkjeleg samarbeid.
- Minnelunden ved Kviteseid kyrkje.
Kristen gav ei orientering om plassering og storleik på området. Minnelunden er berre for urner.
- Gravminne.
På enkelte område på kyrkjegardane er det dårleg grunn, noko som fører til at gravminna endrar seg over tid. Det er pårørande sitt ansvar å vedlikehalde gravminna og det nærmeste området rundt. Dersom det er nødvendig å utføre ei større oppretting rundt eit gravminne, bør ein ta kontakt med kyrkjekontoret.
- Utdeling av dåpsbok, 4-årsbok og adventskalender.
Forslag om å dele ut desse bøkene i den krinsen/den kyrkja der barna høyrer til.
- Kyrkjebøna.
Liv Wendel skal ut i ny misjonærteneste i Bhutan. Blir ho teken med i kyrkjebøna?
Ho blir beden for i kyrkjebøna når tenesta er i gang.
- Søknad frå kyrkjelydsutvalet i Vrådal.
Kyrkjeverja refererte frå søknaden: Det er ynskje om å fjerne benkar i Vrådal kyrkje for å få betre plass til barnevogner og rullestolar, betre plass for barn til å lese/teikne og ein naturleg samlingsplass når det er kyrkjekaffi.

Kviteseid 10.06.2025

Sigrun G. Moen
Sigrun G. Moen

Marit Gotuholt

Olav Holm

